



Katrine Dåde
Molland 181
5986 Hosteland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/584 - 23/8460

Sakshandsamar:
Maria Antonia Merchant Romarheim
maria.antoniam.m.romarheim@masfjorden.kommune.no

Dato:
06.10.2023

Melding om kommunekomiteè for TV-aksjonen Redd Barna 2023

Som de ser av overskrifta er det Redd Barna som får tildelt midlane frå årets TV-aksjon. Den skal vere 22.oktober 2023.

Som de veit har me i mange år fordelt arbeidet med denne dugnadsinnsatsen på lag og organisasjonar i kommunen. I år er det idrettsrådet som har tatt på seg innsamlingsoppdraget.

TV-aksjonsmidlane frå TV-aksjonen 2023 går blant anna til:

- å gje born moglegheit til å gå på skule
- å gjenforeine born med familien dei har kome bort frå
- å støtta tidlegare barnesoldatar
- leikerom der born kan utfolda seg og vere trygge
- hjelp til born å handtere vonde opplevingar
- helsehjelp og riktig ernæring

Pengane skal fordelast mellom prosjekter i Ukraina, Syria, Bangladesh, Sør-Sudan, DR Kongo og Norge.

For meir informasjon om kva pengane skal gå til viser ein til følgjande nettside; <https://tvaksjonen.no/aktuelt/dette-gaar-pengene-til-2023/>

Årets komiteè for TV-aksjonen ser då slik ut:

Leiar: Karstein Totland

Medlem: Per Einar Langhelle (ansv. For bøssebærarane på Sørsida)

Medlem: Katrine Dåde (ansv. For bøssebærarane i Nordbygda)

Medlem: Ståle Dåde (ansv. For bøssebærarane i Indre Masfjorden)

Eg har totalt 21stk bøsser som skal fordelast til dei tre områda. Eg har forslag om å fordele 6stk til Sørsida, 6stk til Indre Masfjorden og 9stk til Nordbygda. Kva syns de om denne inndelinga?
Ta kontakt med meg slik av me kan avtale henting av bøssene.

Oppteljinga aksjonsdagen skjer i Sparebanken Vest i Knarvik, slik at alle bøssene skal køyrast der etter innsamlinga er ferdig.

Eg avtalar nærare med dykk om kvar me kan møtast slik at eg får alle bøssene med meg.

Tusen takk for at de tek på dykk aksjonen i år!

Dersom de har spørsmål er det berre å ta kontakt 😊

Med helsing

Maria Antonia Merchant Romarheim
kontormedarbeidar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Katrine Daa	Molland 181	5986	Hosteland
Per-Einar Langhelle	Austfjordvegen 2658	5981	Masfjordnes
Ståle Daae	Indre Haugsdal 770	5984	Matredal